



Arkivnr: 2016/2768-1
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Godkjenning av prosjektrekneskap Hjeltnes vgs - forprosjekt gartneribygge og varmeanlegg

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet skal i samsvar med gjeldande budsjett- og økonomiforskrifter, uttala seg om årsrekneskapane. Det er lagt til grunn at prosjektrekneskapar følgjer same prosedyre. I samband med dette gjorde fylkestinget slikt vedtak i sak 49/13 i møte 15.10.13:

«Fylkestinget vedtek at prosjektrekneskapar:

1. På 10 millionar kroner eller høgare skal reviderast av ekstern revisor og handsamast i kontrollutvalet før dei går vidare til politisk handsaming.
2. Der avviket i høve opphavleg budsjett er meir enn 10 % skal same rutine følgjast.»

Uttalen frå kontrollutvalet skal for slike prosjektrekneskapar leggjast ved sak frå fylkesrådmannen til fylkesutvalet, som gjer vedtak i denne saka. Sekretariatet har motteke uttale frå Deloitte til prosjektrekneskap for prosjekt 02110 Hjeltnes vgs. – forprosjekt gartneribygge og varmeanlegg.

I revisjonsmeldingar dagsett 14.3.16, har Deloitte stadfesta at prosjektrekneskapen gjev eit rettvissande bilete av prosjektet og at det er i samsvar med god kommunal rekneskapskikk.

Notat om avslutning av prosjektet, prosjektrekneskap og revisjonsmelding ligg ved.

Drøfting:

Dette prosjektet viser eit mindreforbruk i høve løyving på kr. 184 093,75, eller 73,6 %. Sekretariatet merkar seg at årsaken til mindreforbruket er at framdrifta i prosjektet er stoppa i påvente av avklaringar i skulebruksplanen. Det vert vidare lagt opp til at ein eventuelt vil krevja ny løyving på eit seinare tidspunkt.

Utover det som går fram over er handsaming og revisjon av prosjektrekneskapen utført i tråd med regelverket ved at dei vert revidert etter kvart, ved at dei vert send vidare til sekretariatet for handsaming i kontrollutvalet og at det er lagt ved notat med forklaring på avvik for alle prosjekta.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet tar konklusjonane frå Deloitte til etterretning.

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapen gjev eit rettvisande bilete av at prosjektet er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.
2. Utvalet tar konklusjonen frå Deloitte til etterretning.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 02110 - Hjeltnes vgs. - forprosjekt gartneribbygg og varmeanlegg
- 2 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 02110 - Hjeltnes vgs - forprosjekt gartneribbygg og varmeanlegg
- 3 Revisors beretning - Prosjekt 02110 - Hjeltnes vgs. - forprosjekt gartneribbygg og varmeanlegg